



Notat til politisk nivå

Vår referanse

2026/1693 -1

Dato

30.08.2026

Sak

Utval

Møtedato

Levekårsutvalet

Frå:

Kommunedirektøren

Nærværsretteiar - Kvar dag tel!

Orientering om ny nærværsretteiar for skulen – «Kvar dag tel!»

Levekårsutvalet vert med dette orientert om at Austevoll kommune har utarbeidd ein ny nærværsretteiar for skulen: **«Kvar dag tel! – Rettleiar for førebygging og oppfølging av bekymringsfullt fråvær»**.

Rettleiaren skal vere eit konkret verktøy for alle tilsette i grunnskulen i Austevoll kommune, og skal bidra til felles forståing, felles rutinar og meir systematisk arbeid med å førebyggje, registrere og følgje opp bekymringsfullt fråvær. Målet er å sikre at elevar opplever tryggleik, tilhøyrsløse og dermed får best mogleg grunnlag for læring og sosial utvikling.

Rettleiaren byggjer på gjeldande lovverk og forskingsbasert kunnskap om skulefråvær, og skildrar både førebyggjande arbeid og konkrete prosedyrar for oppfølging når fråvær vert vurdert som bekymringsfullt. Eit sentralt element i rettleiaren er «fråværstrappa», som viser korleis skulen skal gå fram frå tidleg kontakt med elev og føresette til eventuelt tverrfagleg og koordinert samarbeid ved langvarig fråvær.

Rettleiaren inneheld fire hovuddelar:

- teori og kunnskapsgrunnlag om bekymringsfullt fråvær
- førebygging av fråvær gjennom trygt og godt skulemiljø, relasjonsarbeid og godt skule–heim-samarbeid

- prosedyrar for oppfølging av elevar med bekymringsfullt fråvær
- verktøy og ressursar til bruk for tilsette og leiarar

Skuleeigar har ansvar for at rettleiaren vert implementert og teken i bruk ved alle grunnskulane i kommunen. Målet er at elevar og føresette skal oppleve at skulane i Austevoll møter fråværsutfordringar på ein tydeleg, føreseieleg og omsorgsfull måte.

Vedlegg

- 1 Nærværsrettleiar - Kvar dag tel!